

# Bøelva




Det er merka stiar på begge sider av elva. Du kan sykle og trille barnevogn på nordsida av elva frå Gåråbru til Bø Museum på Oterholt. Turområdet er lett å nå til fots, med sykkel eller buss. For dei som vil bruke bil, er det parkeringsplassar både ved Oterholtbrua, Folkestadbrua og Gåråbru.

Her er fossar og stryk med små hølar innimellom. Landskapet er skogkledd, men tidlegare var det beitemarker og husmannsplassar langs store deler av elva.

## Friluftsliv langs elva

Turområdet ligg godt til rette gamal og ung med aktivitetar som fotturar, skiturar, sykling, bading, fiskeing og elve-padling. Ved fossar og hølar er det fine svaberg der ein kan raste.



Stinetet til turlaget følgjer vegfar frå tidlegare tider, men det er også rydda nye stiar gjennom skogen. På nordaustsida av elva følgjer hovudstien grusa vegar og høver godt for sykling, trille barnevogn og skigåing på snøføre.

Det er fleire gamle badeplassar langs Bøelva. Det er verdt å nemne badehøl og sklier i elvefaret ved Kvennøya, Sandavadet, Vaskarbergja og Gåra bru. Det må være lav vasstand i Bøelva.



Frå Haugesagfossen og nedover blir elva nytta til elvepadling. Fossar og stryk gir spennande utfordringar for dei som ønskjer å prøve seg. Dei mindre rutinerte kan padle nedover frå Folkestadbrua.



Aure er vanleg på denne elvestrekninga. Du kan få laks på kroken opp til Oterholtfossen. Fiskekort for Bøelva gjeld frå Seljordsvatn til Norsjø.

## Kultursti

Vi finn to gravfelt frå jernalder, det eine ligg på Haugesagmoen, det andre på Eikjamoen.

Sist på 1500-talet blei det reist oppgangssager både i Oterholtfossen og Haugesagfossen. Seinare voks det opp møller og stamper ved begge fossane. Alt dette er borte og det er få spor tilbake.

I fossane Hellebekk finn vi murane etter ei kvern frå 1700-talet, ei grendesag frå første halvdel av 1800-talet og ei beinstampe frå 1860-åra.

På 1800-talet fanst det fire husmannsplassar her. Det var to Haugesagplassar og to Hellosplassar. Det budde rundt 20 personar på dei fire plassane. På Hellos var det bakeri. Bygdevegen frå Gåra til Oterholt gjekk forbi. På overgangen til 1900 var vegen blitt postveg med offentleg tilsett vegvaktar.

Dette er eit minne frå den gang Oterholt-området var eit sentrum i kommunen.

## Fugle- og dyreliv

Elv og skoglier gir gode forhold for eit rikt dyre- og fugleliv. Rådyret likar seg i dei bratte liene med frodig vegetasjon. Langs elva trivst beveren. Av fuglar vil ein ofte sjå og høre strandsnipe. Den meir sjeldne vintererla hekkar truleg her kvart år. Fossekalen, som er nasjonalfuglen vår, finn vi i elveløpet året rundt. Og i lauvskogen songarar som lauvsongar, hagesongar og munk.

